

Ei diktbok om tryggleik

«Fuglane kor dei flyg» av Rønnaug Kleiva er ei samling prosadikt i egenform som kan lesast enkeltvis eller som ei forteljing. Det er ei frodig verd vi får innblikk i gjennom barnet sine opplevingar og erfaringar i heimemiljøet på garden — med konklusjonen «no har eg fortalt det». Det er stemningsbilete av eit moderne miljø Kleiva teiknar; barnet sparer til video og crossykkel, og på garden finst både brøyt og silo med grabb — men hønene får gå fritt omkring.

Barnet er omgjeve av ei mengd slektningar som gjer tilveret trygt og fullt av kjærleik — frå oldemor med parykk til tante som røykjer. Barnet og dei vaksne har både fritid og arbeidsoppgåver saman. Særleg er kontakten til bestefar nær og god, han tek barnebarnet med både på skitur og hjortejakt. Dette idealmennesket dør, men minna lever att i tinga, t.d. i «ein porselensdings til høgspentliner».

«Rundt omkring er mykje rart», og barnet har ein livleg fantasi. Det kan godt tenkje seg å vere forlovar

for tante som skal gifte seg oppe ved andre luka i siloen. Det er ikkje nokon prektig gut eller jente vi blir kjende med, det kan lagast bomber av gamle patronhylser, leikast med knivar og ein kan vere uven med kompisene. Dette er òg eit barn som gjer seg eigne erfaringar: «Det nyttar ikkje seier mamma/Berre prøv/Det har eg prøvd/Det nyttar». Vi får òg nyttige tips om korleis barn kan oppnå å vere lenge oppe om kvelden. «Når ein først er oppdaga/nyttar det ikkje./Då må i alle fall spørsmåla vere gode/eller få dei til å le».

«Kor fuglane flyg» er ein tekst om at det er trygt og godt å leve sjølv om ikkje alt er fullkome eller lettint. Språket inneheld humor og overraskande poeng som gleder vaksne så vel som barn.

Kari Bøge står for dei naturalistiske illustrasjonane.

Reidun Langvatn

*Rønnaug Kleiva:
Fuglane kor dei flyg
Det norske Samlaget*